

Rotary Distrikt 2250

Vedtekter for

Ungdoms- og Tiltaksfondet

(U&T-fondet)

(Vedteke på Årsmøtet i D2250 – 26.09.2021)

§1 – Formål

Fondet sitt formål er å bidra til å fremja Rotary sitt arbeid og strategiske målsetjingar ved å yta økonomisk bidrag til prosjekt og tiltak.

Føremålet for fondet er: a) å støtta prosjekt og andre tiltak for ungdomar, som klubbane i distriktet engasjerer seg i, og b) bidra med midlar til tiltak og prosjekt i distriktet i regi av klubbar i distriktet eller distriktstyret, for å nå RI eller distriktet sine strategiske mål.

U&T-fondet skal ikkje bidra med midlar til prosjekt som kjem inn under vilkåra for Rotary sine ordinære fond disponert av distriktet sin TRF-komitè.

§2 – Fondet sin kapital

Norfo avvikla 1. juli 2018 sitt Ungdoms- og Tiltaksfond og midlane i fondet vart overført til dei 6 distrikta i Norge i høve til medlemstal. Til Distrikt 2250 vart det overført kr 329.985,-.

U&T-fondet i distrikt 2250 skal til ei kvar tid ha ein bunden kapital på minimum kr 100.000,-. Ny kapital til fondet kan tilførast på ulike måtar, for eksempel frå utleige av utstyr frå distriktet til klubbane, frivillige bidrag, fondet sin avkastning og andre midlar som distriktstyret vedtek å tilføra fondet.

§3 – Administrasjon

Fondet vert leia og disponert av distriktstyret. Den til einkvar tid sitjande IPDG er fondet sin Administrator. Administratoren fremjar forslag til styret om plassering av midlane i fondet for å oppnå best mogeleg avkastning. Plassering av fondet sine midlar skal til ei kvar tid plasserast i tilnærma risikofrie instrument.

Administratoren handsamar innkomne søknadar og fremjar grunngjeven instilling til distriktstyret. Det skal førast oversikt over alle handsama søknadar og vedtak.

§4 – Rekneskap og Årsrapport

Administrator fører eigen rekneskap for fondet som skal inngå som ein del av distriktet sin rekneskap. Rekneskapsåret fylgjer Rotaryåret, 1. juli til 30. juni. I tillegg skal administrator kvart år utarbeida ein årsrapport. Årsrapport og rekneskap skal inngå som ein del av årsmeldinga til distriktet, som blir lagt fram for årsmøtet under distriktkonferansen. Distriktstyret sin revisor gjennomgår rekneskapen i samband med den årlege revisjonen.

§5 – Søknader til fondet

Distriktstyret og klubbar i distriktet kan søkja om støtte frå fondet. Støtte frå fondet skal vera eit bidrag til finansieringa av prosjektet/tiltaket og det er ein føresetnad at søkjarklubben også bidreg med midlar til det omsøkte prosjektet. Fondet gjev støtte som eingongssum og kan ikkje binda seg opp til årlege bidrag.

Søknader skal sendast til Distriktsguvernøren som vidaresender søknaden til administratoren for fondet. Administratoren handsamar søknaden og fremjar innstilling for distriktstyret som avgjer om søknaden blir heilt eller delvis imøtekomen eller ikkje. Distriktguvernøren melder tilbake til søkjarklubben om utfallet av søknaden.

§6 – Krav til søknad

Følgjande krav gjeld for søknader til fondet:

1. Presentasjon av prosjektet/tiltaket
2. Budsjett og finansieringsplan
3. Tidsplan for gjennomføring
4. Stadfesting om at det blir utarbeidd sluttrapport til distriktstyret.
5. Underskrift frå prosjektleiar og President i søkjarklubben

Ved ufullstendige søknader innhentar Administrator dei nødvendige opplysningar frå søkjaren.

Før utbetaling frå U&T-fondet må søkjaren dokumentera at prosjektet/tiltaket er fullfinansiert. Distriktskasseren utbetaler tilskotet etter skriftleg instruks frå Distriktsguvernøren.

§7 – Endring av Vedtektene

Forslag til ending av vedtektene kan fremjast av Distriktstyret eller distriktet sine klubbar. Forslag til endring av vedtekene skal sendast Distriktsguvernøren innan fristen for innmelding av saker til årsmøtet.

Endring av fondet sine vedtekter krev 2/3-dels fleirtal på distriktet sitt årsmøte.

§8 – Avvikling av fondet

Avvikling av fondet kan fremjast av Distriktstyret eller klubbar i distriktet ved Presidenten og krev einstemming vedtak på Årsmøtet i distriktet.

Ved avvikling av fondet skal inneståande midlar i fondet overførast til distriktet sine fond disponert av TRF-komitèn.

.....